



Gaute Haugland har også søkt kulturstipend. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter utsetjinga av søknadsfristen har mange søkt om kulturstipend frå kommunen og ein av dei er uskedelingen Gaute Haugland. Han lover i søknaden at han til kvar tid kjem til å halda på med minst tre prosjekt for å gjera heimkommunen vakrare.**

Akkurat no jobbar han med eit grafitti-prosjekt på Husnes, design av interiør til ein butikk i Rosendal, nytt design til Festidalen og animasjon av ein ny veg på Lundsnes.

Haugland opplyser i søknaden at han treng pengar for å få opp ein utstilling i Kvinnherad. Det vil verta eit multimediaekstravagansa der alt han kan i ulike retningar vil komma saman og føda ideer og kjensler. Det vil bli flater med maling og andre medium, rom med skulptur og installasjon. Men viktigast av alt tid i animasjon, film og musikk. Det vil bli interaktivitet, inkludering og respons.  
- Eg lovar gull og grønne skogar til alle. Prosjektet vil vera klart til sumaren neste år, skriv Gaute.

Han har alltid dreve med mykje forskjellig og prøver å suga til seg det han kan av kunnskap og teknikkar. Det neste steget er å la alt komma saman i eitt stort prosjekt. Prosjektet kan verta stort nok til at det kan gå an å få med elevar frå KVV til fullføringa.

Ein eller fleire delar kan leggjast inn i eitt undervisningsprosjekt som igjen vert nytta i fullføringa av det endelege verket. Gaute vil trenga meir teknologi for å få det til: Avanserte former for lys og sensorar, skjermar og datahestekrefter til rendering og truleg også ei gamal høyrive med lange, bua tenner, helst rusta.

Av Ola Matti Mathisen